



Lindås speidargruppe
v/Ove Jan Paulsen
5955 LINDÅS
Verårsvegen 48
5955 Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3093 - 17/29697

Saksbehandlar:

Eileen M Feste

EMF@lindas.kommune.no

Dato:

20.10.2017

Bruk av Gamle Tinghuset på Lindås

Syner til telefonsamtale vi hadde i går angående bruk av Gamle Tinghuset på Lindås.

Lindås speidargruppe har i fleire år disponert lokalar i delar av Gamle Tinghuset på Lindås. Vi vonar at det har vore til nytte og glede for gruppa.

Pr oktober 2017 kan vi ikkje sjå at det har vore noko aktivitet i gruppa med unntak av ei kort periode for 2-3 år sida. Utstyret til speidargruppa er delvis pakket bort.

Vi har hatt ein samtale med Veslemøy Wergeland. Ho har vore ei av leiarane for speidargruppa. Ho seiar at det har vore interesse for å starte opp att gruppa, men ingen har meldt seg som leiare.

Vi har fått ei henvending om bruk av lokalet i samband med julegata som skal arrangerast i november/desember. Arrangørane ønskjer å bruke lokalane i Gamle Tinghuset, også lokalane til speidaren.

Vi ber i den samanheng om at utstyr som framleis står framme, vert fjerna. Det er noko lagringsplass i kjellar der noko av utstyret kan oppbevaras.

Om speidargruppa vert set i gang att, ber vi om snarleg tilbakemelding. Dei er sjølvsagt velkomen tilbake til Gamle Tinghuset!

Vi ber om at lokalet er rydda/utstyr fjerna innan fredag 03. november 2017.

Med helsing

Øyvind Stang
Einingsleiar kultur

Eileen M Feste
Kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kopi til: Veslemøy Wergeland

Mottakarar:

Lindås speidargruppe

v/Ove Jan Paulsen 5955

LINDÅS